

---

# PLANPROGRAM

---

94058001

PLANPROGRAM MASSEHANDTERING LINDÅSNESET- MONGSTAD



09.10.2014  
Revidert i høve PMU-vedtak 01.10.2014

Lindås kommune

## DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgivar: Lindås kommune  
Rapportnavn: Planprogram massehandtering – Lindås kommune  
Utgåve: 2. utgåve  
Dato: 09.10.2014

Oppdrag: 94058001  
Oppdragsleiar: Marianne Bøe

Oppdragstype: Planprogram, kommunedelplan

Skriven av: Marianne Bøe  
Kvalitetskontroll: Mats A. Mastervik  
Revidert av: Christian Hagerup Reinshol (Lindås kommune)

## Innhold

<b>1</b>	<b>Bakgrunn for planarbeidet</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Mål for planarbeidet</b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>Planprosess</b>	<b>3</b>
3.1	Utarbeiding og handsaming av planprogram og planforslag	4
<b>4</b>	<b>Planavgrensing</b>	<b>4</b>
4.1	Eigedomstilhøve	5
<b>5</b>	<b>Tilhøvet til andre planar og nasjonale og regionale retningslinjer</b>	<b>6</b>
5.1	Reguleringsplanar	7
5.2	Kommunale planar	7
5.3	Regionale planar og retningslinjer	7
5.4	Nasjonalt lovgrunnlag	8
5.5	Utgreiingsgrunnlag for vidare arbeid	9
<b>6</b>	<b>Utfordringar og problemstillingar som vert tema i planarbeidet</b>	<b>9</b>
6.1	Omfang	9
6.2	Kva massane består av	9
6.3	Plassering av massar	10
6.4	Potensiale for etterbruk av massane	11
<b>7</b>	<b>Konsekvensutgreiing</b>	<b>12</b>
7.1	Metode	12
7.2	Utgreiingstema	12
7.3	Risiko og sårbaranalyse (ROS)	13
7.4	Samla vurdering og tilråding	13
<b>8</b>	<b>Planprosess</b>	<b>14</b>
8.1	Medverknad	14
8.2	Framdrift	14
<b>9</b>	<b>Kjelder</b>	<b>14</b>

## 1 Bakgrunn for planarbeidet

I kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er det lagt ut store areal for næringsverksemd knytt til Mongstad, både på nord- og sørsida av Litlåsen/Fv 7. Ettersom Mongstad no er peika ut som ny hovudbase for Statoil sine felt i Nordsjøen vil baseverksemd og aktivitet frå andre stader verte flytta til Mongstad. I tillegg til desse kjem støtteverksemd knytt til baseaktivitetane.

Auken i aktivitetane gjer at det vert behov for utbygging av nye areal til industri og næring. I aktuelle utbyggingsområder er det anslått at det kan vere omtrentleg 6 mill. m<sup>3</sup> jordmasser som må omdisponerast som følgje av utbygging. Det store omfanget inneber at det må etablerast fleire faste jord-deponi i nærleiken av Mongstad.

Den planlagde utbygginga er i tråd med gjeldande kommunedelplan, men denne planen legg ikkje føringar for plassering og vidare bruk av massane.

## 2 Mål for planarbeidet

For å løyse utfordringa knytt til plassering og vidare bruk av massane skal det utarbeidast ein kommunedelplan for handtering og flytting av massar på Mongstad og Lindåsneset. Korleis dei ulike typane masser vert handsama er eit viktig moment for planarbeidet. Det er eit mål at så mykje som mogleg av massane skal nyttast til landbruksjord og andre fornuftige formål slik at minst mogleg vert lagt i deponi rundt om i området. I samband med dette må det mellom anna sjåast nærare på dei faktiske natur- og terrengforholda, eksisterande og potensielle landbruksareal, transportlengder, aktuelle jordforbetringstiltak og avrenningsproblematikk.

Målet er å lage ein plan som ikkje berre avklarar kor massane kan plasserast, men som og tek stilling til korleis dei skal handsamast reint praktisk gjennom til dømes jordforbetring. Det er og viktig at gjennomføringa vert sikra juridisk gjennom gode føresegner.

Det er viktig å merke seg at planarbeidet ikkje skal vera ei revidering av gjeldande kommunedelplan. Det er berre område for plassering av nye massar og metodikken rundt dette som skal vurderast og planleggast. Andre nye element, eller revidering av eksisterande formål skal dermed ikkje vurderast.

## 3 Planprosess

### 3.1 Vurdering av forskrift om konsekvensutgreiing

Då dette skal vere ein kommunedelplan som ikkje legg til rette for nye utbyggingsføre mål fell den ikkje naturleg inn under § 2 eller § 3 i forskrift om konsekvensutgreiing. Omfang av dei planlagde tiltaka med massedeponi i LNF område og mogleg nydyrking av landbruksareal vil derimot vurderast slik at planen kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, og at ein dermed bør konsekvensutgreia tiltaka (jf. pbl. § 4-2).

Kva tema som skal undersøkast nærare er omtalt i kapittel 7 *Konsekvensutgreiingstema*.

### 3.2 Utarbeiding og handsaming av planprogram og planforslag

Som eit ledd i varsel og kunngjering av oppstart av planarbeid skal det etter forskrifta sin § 6 lagast forslag til planprogram, som etter høyring vert stadfesta av ansvarlege mynde. I plansaker er dette normalt planmynde i den aktuelle kommunen. Fristen for å gje uttale skal vera minst 6 veker.

Planprogrammet skal stadfestas innan rimeleg tid. Vedteke planprogram skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Planprogrammet skal leggja premissar og rammer for planarbeidet og med dette gjera klart kva tema som skal greiast ut og/eller skildrast nærare i planforslag med konsekvensutgreiing.


Ved utlegging av planforslag til offentleg ettersyn skal moglege konsekvensar av planforslaget vera utgreidd, eventuelle avbøtande tiltak skal vera gjort synlege og krav om vidare undersøkingar vurdert. Ved handsaming og vedtak av plan skal det visast korleis konsekvensutgreiinga og uttalane til denne er vurdert og vist omsyn til. Ein skal og vurdere om ein skal stilla vilkår for gjennomføring.

## 4 Planavgrensing

Planavgrensinga strekk seg frå kommunegrensa mot Austrheim, inkluderer øya Keila og i søraust omfattar den Lindås senter og stoppar ved bygda Haukås. Planområdet er på ca. 2717 mål. Ein har teke utgangspunkt i planavgrensinga for kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad for plassering av permanente deponi, medan ein ser på eit større område med omsyn til tilkøyring av massar til jordbruksføremål.

Planområdet omfattar i hovudsak store næringsområde knytt til Mongstad og store LNF område, der mykje er skog og myr med noko dyrka mark. Det er og fleire små bygder innanfor plangrensa.


Dersom det undervegs i planprosessen viser seg at planavgrensinga er for snever, kan det vera aktuelt å utvide planområdet noko.



1:40 000  
0 500 1000 1500 2000  
Meter

#### 4.1 Eigedomstilhøve

Ettersom planområdet er stort er det mange grunneigarar. Dei som vil vera av størst interesse ved utarbeidinga av planarbeidet er dei store aktørane ved Mongstadbasen innanfor areal som er sett av til industri. I tillegg kjem jordbrukarar og grunneigarar av større område sett av til LNF og som kan vera aktuelle for mottak av massar.



## 5 Tilhøvet til andre planar og nasjonale og regionale retningslinjer

Planarbeidet vert ei vidareutvikling av den gjeldande kommunedelplanen for Lindåsnest med Mongstad. Relevante føringar som ligg i denne planen skal vidareførast og inkluderast i denne planen. Eit viktig moment er utbyggingsrekkefølga som er fastsatt i kommunedelplanen. Her er det mellom anna presisert at næringsområda sør for Littlåsen ikkje skal byggjast ut før områda i nord er minst 70% utbygde. Ved vurdering av når det vert trong for omplassering av massar bør dette takast med i berekninga.

## 5.1 Reguleringsplanar

Det er fleire reguleringsplanar innanfor Lindåsneset med Mongstad-området. Dei fleste av desse planane er allereie opparbeidd, men pågåande revisjonar kan gje mindre endringar.

- Mongstad baseområde/ hamneterminal – PlanID 1263-01022006
- Mongstad sør - PlanID 1263-12121983
- Mongstad industriområde, deler av. - PlanID 1263-20062002
- Mongstad sør- utviding av industriområde - PlanID 1263-200709
- Storhamn Mongstad - PlanID 1263-201102
- Mongstad industriområde nordre del - PlanID 1263-23012006
- Storemyra industriområde, Mongstad – PlanID 1263-201110
- RV 57, Kryss Mongstad Sør – PlanID 1263-200710
- Hope. Del av gnr. 126 bnr. 10 m.fl. – PlanID 1263-19062003

Det er store område utan tekniske inngrep som er sett av til industri sør for Litleåsen. Desse områda har nemningane N4, N5 og N6. I tillegg er det eit mindre område Nordvest for åsen, N2 og eit i sørvest, N3 som enno ikkje er utbygd.

## 5.2 Kommunale planar

- Landbruksplan for Lindås kommune 2005-2008
- Idrett, friluftsliv og nærmiljø 2013-2023
- Klima og energi 2010-2020
- Kulturminneplan 2011-2021
- Kommuneplanens arealdel 2011-2023

## 5.3 Regionale planar og retningslinjer

### Regional næringsplan 2013-2017

Her vert det vist til at det i framtida vil bli ein sterk framtidig vekst i Bergensområdet som gjer det nødvendig med «langt meir eigna næringsareal enn det som er sett av i kommuneplanane i dag». Tal som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd syner at Bergensregionen innan 2030 kan få eit innbyggjartal på nær 561 000, mot 421 000 i 2013. Dette genererer igjen ein vekst i talet på yrkesaktive på om lag 67 000 i same periode ([www.fylkesprognoser.no](http://www.fylkesprognoser.no); [statistikk.ivist.no](http://statistikk.ivist.no)). Ein tilsvarende vekst berekna av BRB (60 000 fleire yrkesaktive) vil gje behov for vel 17 000 daa nytt næringsareal, medan kommunane i regionen berre har sett av om lag 15-20 % av dette behovet til eigna areal i kommuneplanane sine (BRB-rapport, januar 2012. Behov for næringsarealer i bergensregionen). Utfordringa er særleg å få tilstrekkeleg areal til dei arealkrevjande næringane.

Planarbeidet vil støtte opp om regional næringsplan ved at det vert lagt til rette for utbygging på område som allereie er avsett til næring.



### **Klimaplan for Hordaland 2014-2013**

Klimaplan for Hordaland er ikkje vedeken enno. Strategiske mål som kan knyttast opp mot dette planarbeidet går på strategier for næring og teknologi (strategi C, berekraftig bruk av ressursane.)

- Minimera restavfall og auke kjeldesortering og gjenbruk.
- Leggja livssyklusvurderingar til grunn i utvikling av nye produkt.
- Utnytta lokale naturgitte fortrinn og tilhøve.
- Satsa på berekraftig matproduksjon i Hordaland.

Planarbeidet skal i stor grad gjera nytte at dei lokale tilhøva ved å plassera massane lokalt. Det er og eit mål at mest mogleg av myrjorda kan omdannast til landbruksjord og at ein på den måten sikrar gjenbruk og at matjorda i området vert betra.

## **5.4 Nasjonalt lovgrunnlag**

Det er laga statlege retningslinjer for ulike tema som er relevante her. Dette gjeld med anna retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, støy i arealplanlegging og landskap i plan.

Ulike lovverk og forskrifter legg viktige føringar for planlegginga og gjennomføringa av masseflytting:

### **Plan- og bygningslova, 2009**

Gjev føringar på kva ein kommunal plan kan og skal innehalda. Fastsett verknad av kommunal plan og gjev føringar for prosess og medverknad.

### **Jordlova, 1995**

Gjev føringar til område som er sett av til LNF. Føremålet med lova er å verna om dyrka og dyrkbar jord og å sikra at landbruksareala vert disponert på best mogleg måte som samfunnet og bøndene sitt virke i dag og framtida.

### **Forskrift om bakkeplanering, 1996**

Gjelder anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt. Føremålet er å førebygge, begrense eller stoppe forureining/erosjon frå planeringsfelt.

### **Naturmangfaldslova, 2009**

Lova skal sikra berekraftig bruk og vern av naturen. Den fastsett forvaltningsprinsipp som gjev føringar for kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsipp, samla belastning, kostnader ved miljøforverring og driftsmetodar.

### **Forureiningslova, 1981**

Målet med lova er å verna miljøet mot forureining. Lova skal sikra ein forsvarleg miljøkvalitet, slik at forureining ikkje fører til helseskade, har negativ påverknad for trivselen eller kjem til skade på naturen sin evne til produksjon og sjølvfornyng.

### **Forureiningsforskrifta, 2004**

Forskrifta gjev føringar for opprydding av forureina grunn ved bygge- og gravearbeid, planering og trong for støykartlegging.

**Kulturminnelova, 1978**

Lova skal sikra vern av kulturminner og kulturmiljø. Lova gjev mellom anna føringar for freda kulturminne og sakshandsaming.

**Forskrift om konsekvensutgreiing, 2009**

Forskrifta gjev føringar for kva tiltak som utløyser krav om konsekvensutgreiing. Føremålet er å sikra at det aktuelle tiltaket er godt opplyst før endringane vert stadfesta.

**5.5 Utgreiingsgrunnlag for vidare arbeid**

I kommunedelplanen for Lindåsneset er det gjort utgreiingar som vil vera til nytte inn i det kommande arbeidet med plan for massehandtering. Her vart det mellom anna laga arealanalyse med fokus på: biologisk mangfald, kulturminne, landbruk, landskap, friluftsliv og strandsone.

BKK byggjer no ut kraftlinje til Mongstad og linja strekk seg gjennom mykje av planområdet. Utgreiingar som er gjort i samband med dette kan og byggja opp under nye utgreiingar for plassering av massar.

Moglegheiter for plassering av massar rundt Mongstad har i mindre skala vore undersøkt av Multiconsult. Informasjonen som ligg i denne rapporten kan vera til nytte i det vidare arbeidet.

**6 Utfordringar og problemstillingar som vert tema i planarbeidet**

Formålet med planarbeidet er å finne ei god løysing på masseproblematikken frå den planlagde utbygginga frå Mongstad. Det er forventa at utbygginga vil gå relativt raskt då flyttinga av Statoil sin hovudbase til Mongstad skal skje innan 2016.

**6.1 Omfang**

Omfanget av utbygginga er per tidspunkt uklårt. Truleg vil behovet for lager og kontorplassar auke i takt med at bedrifter kjem til og at underleverandørar følgjer med etterkvart. Omskiftinga frå Ågotnes til Mongstad som hovudbase skal i følgje Statoil gjennomførast gradvis og over tid. Som ein del av planarbeidet bør ein gjera eit anslag på kor stor utbygginga vert og i kva omfang.

**6.2 Kva massane består av**

Massane som må flyttast på ved utbygging er i hovudsak myr og skogsjord. Utfordringa er å avklare kor djupt ned det er til fast fjell og meir detaljert om kva massane inneheld. Samansettinga av massane er avgjerande for kva dei eventuelt kan nyttast til ved seinare høve og dermed og kor dei bør flyttast. Det er ingen indikasjonar på at nokon av områda som det skal takast masse frå har vore utsett for forureining, så massane bør kunne klassifiserast som reine.

I myrområdet Storemyr, som er det første arealet som skal utbyggast, er det gjort prøvegraving i ei vel 100 meter lang grøft inn på myra. Skjeringane visar at jord- og myrlaget stikk om lag ein-to meter ned, før grunnfjellet kjem til syne. Nokon stader er det djupare og enkelte stader stikk fjellet opp i dagen.

Ein god indikasjon for å avgjera kor djupt ned det er til fjellet er å sjå på korleis vegetasjonen er fordelt på myra. Trær og større busker tyder på skrinnare og tørrare jordlag og gulbrune område utan vegetasjon tyder på at området er vått og som regel djupare.



1 Grøft i Stormyra

Bileta viser grøfta som er grove ut på Stormyra og korleis massane ser ut.



2 Stormyra

### 6.3 Plassering av massar

Ut i frå eit klimaperspektiv og med tanke på kva som er mest praktisk, vil ein forsøka å finna plassar til massane nærast mogleg uttaket. Målet er å plassere så mykje som mogleg av jordmassane på ein slik måte at jorda kan nyttast til landbruksjord, men at ein set som eit arbeidsmål at minimum 10% av massane skal nyttast til landbruksjord og at massane skal kunne plasserast innanfor kommunedelplanen si grense. Endeleg minimumsprosent for kor stor andel som skal nyttast til landbruksføremål vil bli satt i planframlegget. Dersom ein finn godt eigna lokalitetar der massar kan nyttast til landbruksjord kan det vera tenleg å transportera dei lengre bort frå uttaksstaden.

Ved vurdering av plassering av massar er det viktig å ta kost/nytte-perspektivet med tanke på transportavstandar med i reikeskapet, saman med vurderingar knytt til kost/nytte av eventuelt tap av jordbruksjord.

Massar som ikkje kan nyttast til landbruksjord skal ein forsøka å plassera i andre område der dei enten kan gjera nytte for seg som til dømes skjermingsvoll eller planering. Ved dumping av massar utan nokon konkrete planar for etterbruk bør ein skilja dei reinaste massane frå samansette massar av røter, stein og jord slik at moglegheitene for ny bruk ein gong i framtida ikkje vert øydelagt.

Rapport frå Multiconsult frå våren 2014 gir ei viss oversikt over potensielle lagringsareal for masser i nærleiken av Mongstad. Nokon av dei omtalte areala er det gjort relativt grundige undersøkingar for, medan andre berre er lista opp som potensielle område for vidare undersøkingar. Under arbeidet med rapporten har ikkje Multiconsult vore i kontakt med alle dei nemnde grunneigarane, og kor vidt dei faktisk vil ta i mot massar er uklårt. Det er og usikkert kor mykje massar desse område kan ta imot. Det er svært usikre tall på massane frå dei undersøkte områda, frå om lag 1.740.000m<sup>3</sup> - 2.990.000m<sup>3</sup>. I tillegg kjem områda som ikkje har vore nærare undersøkt og som dermed kan romme ei ukjent mengde massar.

Ein av grunneigarane på Hope har gitt klart uttrykk for at han ynskjer å ta imot massar til planering av dyrka mark og beitemark. Det aktuelle området ligg sør for Storemyra og delvis opp mot Litlåsen. Dette er eit godt døme på eksisterande landbruksareal som kan vera mottakarar av reine massar for å forbetre driftsvilkåra.



*3 Gard på Hope som kan ta imot massar*

#### **6.4 Potensiale for etterbruk av massane**

Som ein del av kommunedelplanarbeidet skal ein vurdere kva massane kan nyttast til. Det er forska lite på omdanning av myrjord til landbruksjord, men det er eit mål at ein undervegs i planarbeidet skal sjå nærare på kva moglegheiter som finnast og korleis ein kan nyttegjere seg av dei i Lindås.

Eit tydleg skilje mellom blanda og reine massar vil gjera etterbruken av dei meir handterleg.

## 7 Konsekvensutgreiing

### 7.1 Metode

Metodikken i Handbok 140, som er Statens vegvesen sin rettleiar for konsekvensanalyse skal liggja til grunn for konsekvensutgreiinga. Metodikken er spesielt retta mot planarbeid som har som mål å avklara val av alternativ, og tilfredsstillar plan- og bygningslova sine krav til innhald i ei konsekvensutgreiing.

Då dette er ein kommunedelplan for massehandtering vert det vurdert som naudsynt å berre vurdera tema som er direkte knytt til omdisponering av areal for massedeponi, såkalla ikkje prissette konsekvensar.

Det skal leggjast vekt på å få fram forhold som gjer det mogleg å skilja og prioritera mellom alternativa.

### 7.2 Utgreiingstema

Aktuelle tema for konsekvensutgreiing er:

#### *Biologisk mangfald*

Det må gjerast vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 7-12. Kartlegginga av kvalitetane i potensielle deponi skal vera basert på kjent kunnskap. Når det gjeld jordmassane som skal flyttast på, er det naudsynt å gå grundigare til verks for å avgjera kva slags kvalitetar massane har og dermed korleis dei kan og bør handterast vidare. Det må påreknast prøvetaking av massane for å bestemme kor djupt jordlaget er for så å vurdere kor mykje massar dei ulike utbyggingsfeltene inneheld.

#### *Kulturminner og kulturmiljø*

Det er potensiale for funn av kulturminner innanfor planområdet. På nokon av områda som allereie er avklåra som interessante er det registrert fleire kulturminner. Øvrige deponiområde må kartleggast (jf. § 9 kulturminnelova) og kulturminner som kan verta påverka av eit deponi må verdisetjast og konsekvensgrad av tiltaket må vurderast.

#### *Friluftsområder*

Område som kan vere aktuelle for deponi er i dag relativt uråka naturområde og dyrka mark av ulik kvalitet. Eit av områda som er aktuelle er delar av Littlåsen som i gjeldande kommunedelplan ligg inne med omsynssone landskap og friluftsliv. Det må gjerast vurderingar opp mot kva verdiar dei ulike depotområda har med tanke på friluftsliv og kva konsekvensar etablering av depot vil gje for området. For friluftsliv er influensområde eit spesielt element som må vurderast for kvar enkelt område.

#### *Landskapspåverknad*

Det er store mengder massar som skal plasserast i området rundt Mongstad. Landskapet her er opent og relativt flatt med mindre åsar. Store depot kan dermed bli godt eksponert for omgjevnadene og dersom dei ikkje vert godt plasserte i terrenget, kan dei stå fram som unaturlege og skjemma element i landskapet. Når deponiområda vert vurdert, må det

gjerast ein vurdering av fjern- og nærverknad for deponia, og ein analyse av kor mykje massar det kan plasserast i terreng utan å få store negative konsekvensar.

#### *Naturressursar*

Naturressursane i området er i hovudsak jordbruk og skogbruk. Dersom jordmassane vert handtert på ein god måte kan dei vere eit godt tilskot for fleire av dei skrinne jordbruksareala i området. Nokon av massane kan og nyttast til utplanering av kupert jordbruksterreng med gode massar i det øvste laget. Sannsynlegvis vil mesteparten av massane måtte plasserast i myrar og i skogsområder. For både skogs- og landbruksområda må dei eksisterande verdiane fastsettast og konsekvensane av massepålegging vurderast.

#### *Avrenning*

Ved plassering av større mengde massar må ein sjå til at avrenning frå jorda ikkje påverkar omkringliggjande areal negativt. Det må gjerast vurderingar av kor vatn frå massane kan renne og om naudsynt skildre korleis det skal handterast. Det må sikrast at massane ikkje etablerer tersklar som kan føre til ei magasinering av vatn i massane, og det må leggjast til rette for drenering som sørgjer for god gjennomstrøyming av vatn i og gjennom massane. Vidare må det gjerast spesifikke vurderingar basert på mengda og typen massar som skal plasserast og størrelsen på området. Ei god kartlegging av eksisterande terreng må leggjast til grunn.

#### *Trafikktryggleik*

Det skal gjerast ei vurdering av transportavstand og trafikktryggleik for transport av massane. Her må ein og undersøke korleis tilkomsten til deponia er og om det vert trong for ny eller forbetra tilkomstveg.

### **7.3 Risiko og sårbaranalyse (ROS)**

§ 4-3 i plan- og bygningslova stiller krav om risiko- og sårbaranalyse ved utarbeiding av alle arealplanar. Analysen skal avdekke alle risikoforhold som har innverknad på dei område som er eigna for deponi.

Analysen skal baserast på utgreiingar gjort i samband med planarbeidet, eksisterande kjeldegrunnlag og tilgjengeleg informasjon om planområdet. Analysen skal gjerast på bakgrunn av akseptkriteria for Lindås kommune.

DSB-retteljar Samfunnssikkerhet i arealplanlegging og NS 5814:2008 Krav til risikovurderingar skal leggjast til grunn for ROS-analysen.

Det skal leggjast vekt på formidling av risikoforhold som er viktige for å prioritera mellom alternativa.

### **7.4 Samla vurdering og tilråding**

På grunnlag av utarbeiding av alternativ og konsekvensutgreiing av alternativa skal det utarbeidast ei samla vurdering av alternativa. Alternativa og konsekvensane av dei skal systematiserast og samanliknast.

Hovudstega i samanlikninga er

- Oppsummering av konsekvensar og avbøtande tiltak
- Drøfting av dei enkelte alternativa mot overordna målsetting
- Tilråding av alternativ

- Eventuelle oppfølgjande undersøkingar

I tilrådinga av alternativ skal det leggjast vekt på dei vurderingane og avvegingane som er gjort. Det skal gjerast greie for eventuelle behov som konsekvensutgreiinga har avdekka med tanke på oppfølgjande undersøkingar i neste planfase.

På bakgrunn av utgreiing og val av alternativ skal Lindås kommune utarbeide kommunedelplan med konsekvensutgreiing, og leggja den ut til offentleg ettersyn.

## 8 Planprosess

### 8.1 Medverknad

Medverknad vil skje gjennom informasjon i lokalavis med kunngjering av oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogrammet. Planprogrammet blir gjort tilgjengeleg på nettstaden til Lindås kommune.

Offentlege høyringsinstansar og interesseorganisasjonar blir tilskrivne og inviterte til å kome med synspunkt og innspel til planprogrammet. Seinare i prosessen vil dei også få høve til å kome med innspel og merknader til sjølve planforslaget.

Framlegg til planprogram blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring, samstundes som oppstart av kommunedelplanarbeidet blir kunngjort. Høyringsfristen er 6 veker frå kunngjeringsdato. Etter høyring og eventuelle endringar på bakgrunn av innkomne merknader, vert endeleg planprogram handsama og fastsett av Lindås kommune.

Planframlegg med konsekvensutgreiing vert deretter utarbeidd med bakgrunn i vedtatt planprogram.

Det vert teke sikte på å halde offentlege folkemøte, både ved offentleg høyring av planprogram og ved høyring av sjølve planframlegget. Offentlege møte vil verta annonsert i lokalavisene.

### 8.2 Framdrift

Ein tek sikte på følgjande framdrift i planarbeidet:

- planprogrammet vert vedtatt hausten 2014
- kommunedelplanforslaget med konsekvensutgreiing vert lagt ut til offentleg ettersyn vinter/vår 2015
- kommunedelplanforslaget med konsekvensutgreiing vert vedteken hausten 2015.

## 9 Kjelder

Statens vegvesen. Håndbok 140 Konsekvensanalyser. Veiledning. 2006  
DSB-rettleiar Samfunnssikkerhet i arealplanlegging og NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger  
Kommunedelplan, Lindåsneset med Mongstad 2010-2022.  
Multiconsult 2014, Mongstadbaser- utbygging av næringsarealer-bruk av overskuddsmasser.